



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Marianne Svege, 5557 2255

Vår dato  
02.07.2014  
Dykkar dato  
17.03.2014

Vår referanse  
2014/3740 611  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### **Vedtak i klagesak om kommunalt tilskot 2014 - Kløvheim barnehage, Lindås kommune**

Vi viser til klage frå Kløvheim barnehage, framsett av Private Barnehages Landsforbund (PBL). Klaga er datert 17.2.2014, og vart motteken her 17.3.2014. PBL sendte 10. juni 2014 eit brev med kommentarar til opplysningene som kjem fram i kommunen sitt oversendingsbrev. Det har og vore telefonkontakt mellom Fylkesmannen og PBL i denne saka, og mellom Fylkesmannen og Lindås kommune.

#### **Vedtak:**

***Fylkesmannen opphever Lindås kommune sitt vedtak av 27.1.2014, og sender saka tilbake til kommunen for ny behandling.***

#### **Fylkesmannen sin kompetanse**

Fylkesmannen er klageinstans for kommunen sine vedtak om tildeling av tilskot til ikkje-kommunale barnehagar, jf. forskrift om likeverdig behandling § 12. Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

#### **Bakgrunn for saka**

Saka gjeld Lindås kommune sitt vedtak om tilskot til drift til Kløvheim barnehage for 2014, datert 27.1.2014. I dette vedtaket har kommunen redusert barnetalet med 2,16 store barn, og kutta tilskotet tilsvarande. Dei grunnir denne reduksjonen med at barnehagen ikkje kan få tilskot til fleire barn enn det er plass til innanfor godkjenninga.

#### **Partane har i korte trekk gjort gjeldande:**

PBL viser til at Lindås kommune ved berekning av tal barn tek utgangspunkt i talet opphaldstimar for små og store barn. Samtidig blir ein småbarnsplass rekna som å telje for to plassar. PBL meiner at Lindås kommune har lagt til grunn ein feil forståing av korleis ein skal berekne kor mange barn det er plass til i barnehagen.

Lindås kommune viser korleis dei reknar ut opphaldstimar og tal plassar, der ein småbarnsplass blir talt som to plassar. Dei viser og til at godkjenninga for Kløvheim barnehage er på 34 plassar. Dei meiner difor at dei har gjort rett i å redusere tal plassar med 2,16.

## Fylkesmannen si vurdering

Vedtak om tilskot til private barnehagar byggjer på barnehagen si godkjenning, jf forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd (tilskotsforskrifta) til ikkje-kommunale barnehagar, § 3, fjerde ledd:

*”Tilskuddet skal begrenses oppad til at den ikke-kommunale barnehagen ikke får tilskudd for flere barn enn det er plass til innenfor barnehagens godkjenning”*

Godkjent leike- og opphaldsareal og eventuelle avgrensingar frå godkjenningsmynden er avgjerande for kor mange store og/eller små barn som kan vere i barnehagen samstundes. Rettleiande arealnorm er 4m<sup>2</sup> for barn under tre år, og 5,3 m<sup>2</sup> for barn over tre år. Dette er og arealnorna i Kløvheim barnehage. I godkjenninga pr. 19.12.12 går det fram at barnehagen har eit godkjent areal på 137 m<sup>2</sup>, og at det maksimalt kan opphalde seg 34 barn over tre år i barnehagen. Arealnorma tek utgangspunkt i kor mange barn som faktisk er i barnehagen samstundes, og avgrensar ikkje kor mange barn som kan dele plass i barnehagen.

Kommunen har rekna ut opphaldstimar og tal på plassar i Kløvheim barnehage. I tilskotsforskrifta blir mellom anna omgrepet ”plassar” brukt i utrekninga av gjennomsnittleg kostnad pr. heiltidsplass.

I tilskotsforskrifta § 3 går det fram at barnehagar ikkje kan få tilskot til fleire **barn** enn dei er godkjente for. Omgrepet ”plassar” blir ikkje nytta i denne samanheng.

Omgrepet ”plassar” er heller ikkje brukt barnehagelova sin omtale av godkjenning. Også her brukar ein omgrepet ”barn”. Lindås kommune har hatt ein gjennomgang av godkjenningane til alle barnehagane i kommunen. Gjennomgangen er bygd på gamle godkjenningar og endringar som er gjort, og utgjer grunnlaget for nye godkjenningar etter barnehagelova. Fylkesmannen viser til vedtak i lovlighetskontroll datert 16.5.2014, der Lindås kommune sitt siste vedtak om godkjenning til Ostereidet FUS barnehage blir oppheva. Fylkesmannen er kjent med at kommunen på bakgrunn av dette vedtaket vil gå igjennom alle dei nye godkjenningane, sidan dei byggjer på dei same kriteria og vurderingane, mellom anna når det gjeld å nytte omgrepet ”plassar”. Fylkesmannen legg difor til grunn at det er godkjenninga frå 19.12.12 som gjeld for Kløvheim barnehage. Barnehagen har der eit godkjent leike- og opphaldsareal på 137 m<sup>2</sup> og maksimalt tal på **barn** over tre år som kan vere til stades samtidig er 34.

I den reknemetoden som Lindås kommune nyttar, blir barn under tre år ganga med to. Dette er rett når det gjeld berekning av pedagognorma, der eit lite barn krev dobbelt så stor ressurs som dei over tre år. Når det gjeld areal utløyser ikkje rettleiande arealnorm dobbelt så stor plass for barn under tre år som for dei over tre år. Kommunen må ta utgangspunkt i talet på barn, kor mange barn barnehagen er godkjent for, og barnehagen sin arealutnytting, når dei skal sjå til at talet på barn ikkje overstig det barnehagen er godkjent for. Lindås kommune kan ikkje avkorte tilskotet til Kløvheim barnehage på bakgrunn av den berekningsmåten som er gjort i dette vedtaket.

På denne bakgrunn opphever Fylkesmannen Lindås kommune sitt vedtak.

Med helsing

Hanne Melander e.f.  
seniorrådgjevar

Marianne Svege  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*